

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Fra: Sekretariatet
Kopi til:

Vedlegg 3

Saksbehandler/telefon:
Anders Kjetland / 93053457
Vår dato: 04.05.2023
Vår referanse:

Sak 53/23 Byggeplasskilt som del av kommunikasjonen i Miljøløftet

Bakgrunn

Saka er ei oppfølging av at fleire av partane i Miljøløftet har kome med innspel om å få fram prosjekta i Miljøløftet betre på byggeplassar. Saka var behandla i prioriteringsrådet 12. mai 2023, og var her ei oppfølging av prioriteringsrådet si sak «47/18 Skilting ved Miljøløftet-prosjekter», der dette spørsmålet vart reist første gong.

Fleire av partane i Miljøløftet har kome med innspel om å synleggjere prosjekta i Miljøløftet betre på byggeplass, gjennom skilting og banner. Dette er viktig av fleire grunnar:


- Det synleggjer Miljøløftet og kva vi bygger. Innbyggjarane kan sjå kva dei får igjen for Miljøløftet-samarbeidet og byvekstavtalen i kvar enkelt kommune.
- Det gir god informasjon til fotgjengarar, syklistar, kollektivpassasjerar og andre trafikantar i byggeperioden.

I tillegg bør Miljøløftet vere representert på det ferdige prosjektet gjennom eit varig skilt eller plakett. Dette gir varig dokumentasjon for reisande og besøkande på kva prosjekt som er realisert gjennom Miljøløftet.

Praksis og eksempel til no

Enno har det ikkje vore etablert praksis med å lage slike felles skilt, men under kjem nokre eksempel:

Eit byggeplass-skilt vart produsert ad hoc ved Store Lungegårdsvann i 2018:



Hausten 2022 vart det produsert eit banner til byggeplassen for prosjektet med ny kulvert under Idrettsvegen i Øygarden:



For det ferdigstilte prosjektet har det blitt montert ein varig plakett med dato for opning og Miljøløftet-logo:



Askøy kommune har lagt inn produksjon av byggeplasskilt som ein del av entreprenøransvaret i utlysinga for prosjektet Kv1158 Kvernhusdalen. Det har blitt utarbeida ei skisse for korleis sjølve byggeplasskiltet kan sjå ut:

Her bygger Askøy kommune og Miljøløftet

Ny gang- og sykkelveg langs kv. 1158 Kvernhusdalen

Lengde 660 meter. En del av sammenhengende gang- og sykkelvegnett fra Kleppstø til Ravnanger. Åpner 2024.

Les mer på miljøløftet.no





Entreprenør 1

Entreprenør 2

Entreprenør 3







Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvalteren i Vestland

I tillegg er det lagt inn i utlysinga ei bestilling av tekstschild, i form av eit veginformasjonsschild, som fortel kva som blir bygd langs vegen på kvar side, a la dette eksempelet frå Trondheim:



Utforming

Som ein ser av eksempla, har det vore litt ulik praksis om Miljøløftet står som avsendar (i tilfelle kulvert i Idrettsvegen) eller om både Miljøløftet og byggherre/ansvarleg er med på skiltet (som i tilfelle Kvernhusdalen).

Det er ryddigast om Miljøløftet kan få representere alle partar på denne typen skilt. Samtidig er det forståeleg om ein ønskjer å markere lokal forankring ved at kommunen er med gjennom eit byggeplassskilt.

Frå sekretariatets side kan vi ha rom for fleksibilitet på dette, men kan gjerne ta ein diskusjon i Prioriteringsrådet på temaet.

Uansett bør ein følgje Miljøløftets grafiske profil i oppsett av skilt /plakett.

Praktisk gjennomføring og kostnader

Sekretariatet foreslår at kostnadene til byggeplasskilt og varig plakett blir dekte som del av prosjektet, der entreprenør får ansvar for bestilling og oppsetting. Byggherre får ansvar for oppfølging av rutinane og å sørge for at skiltet blir del av utlysinga.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa stiller seg bak forslaget og ber partane om å sørge for at krav om byggeplasskilt blir del av utlysing av nye Miljøløftet-prosjekt.